



Arkivnr: 2015/10280-41
Saksbehandlar: Gunhild Raddum

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		16.01.2019

Fråvikssøknad - reguleringsplan for fv 555 Kolltveit-Vorland

Samandrag

Hordaland fylkeskommune viser til tilråding frå fråviksgruppa om dimensjonerande hastigheit 80 km/t på strekninga Kolltveit-Vorland. Reguleringsplan for ny fylkesveg 555 Kolltveit – Vorland skal i utgangspunktet utførast med grunnlag i vedteken trasé slik den ligg føre i kommunedelplan med konsekvensutgreiing for Sotrasambandet delprosjekt 2, Rv 555 Kolltveit – Austefjorden (no Fv 555) som vart vedteke i 2010. Reguleringsplanen vert utarbeid av Statens vegvesen på oppdrag frå Fjell kommune. I planforslaget for ny fv. 555 mellom Kolltveit og Vorland er det fråvik frå krav til hastigheit jmf. handbok N100, dimensjoneringsklasse H5. Fråviksnemnda rår til å legge til grunn 80 km/t i staden for 90 km/t, sjå vedlegg.

Utval for miljø og samferdsel har etter «*Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune*» fullmakt til å fråvike vegnormalane i handbok N100 når det gjeld «skal – krav».

Økonomi: Det vil vere svært kostnadskrevjande å oppfylle alle krav til dimensjoneringklasse H5 som gjer det forsvarleg med ein fartsgrense på 90 km/t.

Klima: Større veginngrep uheldige konsekvensar for klima.

Folkehelse: Fråvik frå 90 km/t til 80 km/t vil vere positivt for trafikktryggleik og busettinga langs vegen.

Regional planstrategi: Ingen konflikt.

Forslag til vedtak

Miljø- og samferdselsutvalet viser til vedlagte søknad frå fråviksgruppa i Statens vegvesen om fråvik frå 90 km/t på strekninga Kolltveit – Vorland slik kravet er for dimensjoneringsklasse H5 i handbok N100 . Med bakgrunn i dei faglege vurderingane gjort av fråviksgruppa i Statens vegvesen vert vegstrekninga Kolltveit – Vorland dimensjonert for ein fartsgrense på 80 km/t.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Notat til fråviksnemnda
2. Svar frå fråviksnemnda

Fylkesrådmannen, 13.12.2018

Bakgrunn for saka


For fylkesvegvar er fylkeskommunen vegstyresmakt § 9 i Vegloven – forskrift om anlegg av offentleg veg av 29.03. 2007. Fråvik frå vegnormalane består av kan-, bør- og skal- krav. Ved fråvikshandsaming vert det nytta standardiserte skjema der det skal dokumenterast kva handbok det vert søkt om fråvik frå, med grunngjeving, konsekvensar av fråvik og forslag til avbøtande tiltak. Statens vegvesen har i kvar region etablert ein fråviksgruppe som handsamer fråvikssøknadane og kjem med tilråding til rett vegstyresmakt.

Alle søknader om fråvik for fylkesveg skal gå via Statens vegvesen og handsaming i fråviksgruppa. Fråvik frå skal- krava vert sendt vidare til Hordaland fylkeskommune for politisk handsaming, etter at fråviksgruppa har gitt si tilråding. Utval for miljø og samferdsel har etter «*Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune*» fullmakt til å fråvike vegnormalane når det gjeld skal – krav.

Statens vegvesen har fått fullmakt til å fatte avgjerd i bør- krav.

Fråvikssøknaden for fv 555 Kolltveit - Vorland

Vegnormaler er ein samlebetegnelse for normalane i Statens vegvesen sin handbokserie som er delt inn i 10 hovudtema og inneheld krav til mellom anna *N100 Veg- og gateutforming*. Veger er inndelt i ulike dimensjoneringsklassar. I planforslaget for vegprosjektet på Fv 555 er det valt ein H5-veg som har krav om 90 km/t. Fartsgrensa på 80 km/t tilsvarer dimensjoneringsklassen H4, men andre omsyn til vegutforming gjer det ikkje hensiktsmessig å velje denne klassen. Profilen på vegen varierer mellom firefelt, tofelt og gateprofil. Av omsyn til vegvariasjonar (mellom anna tunellar), trafikktryggleik og busette nær vegen vert strekninga Kolltveit - Vorland dimensjonert med geometri tilsvarande fartsgrense på 80 km/t. Ein slik tilrettelegging vil og vere betre tilpassa landskap og busettinga langs vegen.



Fylkesrådmannen si tilråding

Fylkesrådmannen legg til dei faglege vurderingane gjort av fråviksgruppa i Statens vegvesen og rår til å dimensjonere vegstrekninga Kolltveit – Vorland for ein fartsgrense på 80 km/t.